



# HORNINDAL KOMMUNE

## Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnr.:	Saksbehandlar
Utval for utvikling	01.04.2004	026/04	SM

<b>Saksansvarleg:</b> Sigurd Muldsvor	<b>Arkiv:</b> K1-000	<b>Arkivsaknr.:</b>
	<b>Objekt:</b>	2004000120

### Høyring - Forslag om endring av lov om stadnamn

#### SAKSTILFANG / LOVER / PLANDOKUMENT

- Lov av 18. mai 1990, nr. 11 om stadnamn – stadnamnlova
- FOR 1991-07-05 nr. 456: Forskrift om skrivemåte m.v. av stadnamn
- Skriv frå Det kongelege kultur og kirkedepartement – ”Høyring – Forslag om endring av lov om stadnamn”, datert 4. februar 2004. (vedlegg)

#### SAMANDRAG.

Generelt er kommunen samd i dei endringsframlegga som er lagd fram. Kommunen meiner eigar/festar sine synspunkt må tilleggjast særskild vekt. Dette vil medføre reduksjon i antal klagesakjer.

Kommunen meiner og at uttak av opplysningar frå SSR (Sentralt StadnamnRegister) må være kostnadsfritt for kommunane.

#### SAKSUTGREIING.

Lov om stadnamn trådde i kraft 1. juli 1991, og etter nesten 10 års virke, vart det gjennomført ei evaluering av korleis regelverket har fungert desse åra. På grunnlag av ei spørjeundersøking i 1997 til kommune, fylkeskommuner, organisasjonar og institusjonar, utarbeidde ei gruppe ein evalueringsrapport. I denne gruppa, evalueringsgruppa, var det medlemmar frå namnekonulenttenesta/klagenemnda for stadnamnsakjer, Statens kartverk og KKD. Evalueringsgruppa sin rapport vart sendt på høyring til alle kommunar, fylkeskommunar, departement og berørte organisasjonar og institusjonar. Høyring viste ei brei tilslutning til tanken om lovendring.

Rapporten la fram framlegg om endring på følgjande punkt:

- Saksgongen i stadnamnsakjene er svært tids- og ressurskrevjande. Det bør difor vurderast endringar som kan forenkle saksgongen, og som vil gjere regelverket klarare og dermed lettare tilgjengeleg for alle som skal praktisere det. Samstundes som det demokratiske og det namnefaglege aspektet framleis vert ivareteke.
- Fleire av bestemmelsane har vist seg å medføre urimeleg mykje arbeid, lokal strid og klagesakjer. Endringar som går ut på å fjerne eller mjuke opp desse bestemmelsane bør difor vurderast.
- Det ser og ut til å være trong for å regelfeste nokre områder som ikkje er med i gjeldane lov, som formålsparagrafar og bestemmelsar om namnevern og fastsetting av namn.

- Det er vidare naudsynt med ein del redaksjonelle endringar, og klargjeringar av uklare punkt, td. ved klarare definisjonar.

Kommunen kan seie seg einig i at saksgongen for stadnamnsakjene er svært tids- og ressurskrevjande. Slik lova og forskriftene fungerer no, vert namnesaka teke opp av vedtaksorganet (Statens kartverk), som sender sakja til namnekonsulenttenesta for uttale. Namnekonsulenttenesta sender sakja til vedkomande kommune med førebels tilråding. Kommunen innhentar uttale frå eigarar/festarar/lokale organisasjonar som sender sine uttalelsar til kommunen. Kommunen handsamar innkomne tilrådingar og uttalelsar og legg desse fram for politikarane. Kommunen sender så uttalelsar og evt. eigne uttalelsar/vektak til namnekonsulenttenesta. Namnekonsulenttenesta handsamar sakja og sender den tilbake til vedtaksorganet med endeleg tilråding. Vedtaksorganet sender melding om vedtak til vedkomande kommune som skal kunngjere vedtaket, dvs. kunngjere skrifteleg til eigarar/festarar/lokale organisasjonar og institusjonar samt kunngjering i aviser.

Høyringsuttalelsane frå kommunane, men og Statens kartverk og namnekonsulenttenesta, går på at sakshandsaminga er omstendeleg og tidkrevjande, og at den ikkje står i samsvar med dei ressursane som vert brukt.

Gjennomgong av framlegg til lovending – paragrafane refererar seg til den ”nye” lova:  
”§ 1 Formål og virkeområde.”

§1 innfører formål og virkeområde for lova. Stadnamnlova har pr. i dag ingen formålsparagraf som fastset lova sin intensjon eller saklege verkeområde.

Det er teneleg for stadnamnlova å få tillagd ein formålsparagraf som uttrykkjer hensikta med reglane og kva det skal leggjast vekt på i sakshandsaminga. Kommunen sluttar seg til ein slik paragraf.

”§ 2 Definisjonar skal lyde:”

§ 1 i gjeldande lov inneheld berre 2 definisjonar av begrepa stadnamn og gardsnamn. Dei andre vert definert i forskrifta. Departementet meiner det er trong for betre klargjering av innhaldet i andre begrep som er nytta i lova. Kommunen meiner og at det lettare for tolkinga av lova at begrep som er nytta, vert definert her.

”§ 3 Namnevern og namnesetjing”

Viser og til punkt 4 i ”Høring – forslag om endring av lov om stadnamn”. I dag er reglar for val av namn spreidd over fleire lover. Lov om stadnamn i dag, har ikkje reglar ut over henvisning til delingslova (lov om kartlegging, deling og registrering av eigedom – delingslova). I høyringsuttalelsane meiner fleirtalet at det er naudsynt med reglar for namnevern og namnesetjing. Departementet si vurdering er den same sjølv om det er noko usikkert om mangelen på reglar for namnevern og namnesetjing i praksis utgjer ein trussel mot stadnamn som kulturminner. § 3 i ny lovttekst inneheld difor reglar som gjev namnevern og korleis namnsetjinga bør være.

”§ 5 Fastsetjing av skrivemåten”

Viser til punkt 5 i ”Høring – forslag om endring av lov om stadnamn”. I gjeldande regelverk ligg det i førstegongshandsaminga minimum 5 ekspedisjonar (sjå punkt 5.1.1). I høyringsuttalelsane har kommunane, men og Statens kartverk og namnekonsulentane peika på at sakshandsaminga er for omfattande og tidkrevjande, og at den ikkje stå i samsvar med ressursane som vert brukt. Dei fleste meiner det bør være lik handsaming på alle stadnamn, men og at handsaminga vert forenkla.

I departementet si vurdering og forslag, punkt 5.1.3, er det lista opp ein del tiltak for å forenkla sakshandsaminga. Eg finn ikkje grunn for å gå inn på alle her, men vil gjerne peike på nokre

setningar i første avsnitt. Her er det nemnd at fastsetjing av skrivemåten for stadnamn som skal brukast i dagleglivet ikkje er namnefaglege forskningsprosjekt, men først og fremst eit hjelpemiddel i kvardagen. Alle skal kunne finne fram dit dei skal, og vete kvar dei er. Dette er viktig. Det er i lokalsamfunnet stadnamna skal brukast, og både lokalfolket og tilreisande skal kunne orientere seg etter stadnamna. Slik det har vore hittil, har argumenta frå eigarar/festarar og frå kommunen, vorte tillagd lite vekt når det gjeld korleis skrivemåten for eit stadnamn skal være. Stort sett har vedtaksorganet fylgd namnekonsulentane si tilråding.

Departementet har i punkt a til d på side 10 og 11 i høyringa, gjort framlegg om ein enklare saksgong. Det vert ikkje færre ledd i saksgongen, men sjølve handsaminga er forenkla etter framlegget. Kor vidt dette forenkla sakshandsaminga for kommunen er eg litt i tvil om. Sjølv om namnekonsulentane ikkje handsamar saka før den vert sendt til kommunen med førebels tilråding som før, men at vedtaksorganet sender saka direkte til kommunen for uttale, må kommunen førebu saka som før og varsle/tilskrive dei partane som har uttalerett, td. eigar/festar, samt kunngjering i aviser.

Kommunen sender så saka med uttale til namnekonsulentane som gjev tilråding til vedtaksorganet. Vedtaksorganet gjer vedtak om skrivemåte, og sender vedtaket til SSR, kommunen og namnekonsulentane, og evt. andre offentlege organ.

I høve til tidlegare har kommunen det same arbeidet med saksførebuing, innhenting av uttale og oversending til namnekonsulentane. Ein bakdel med at sak ikkje vert sendt frå vedtaksorganet via namnekonsulentane til kommunen, er at kommunen ikkje får førebels tilråding frå namnekonsulentane. På den måten veit ikkje kommunen kva namnekonsulentane "meinar" om skrivemåten når kommunen får tilsendt saka.

I departementet si vurdering er det og sagt at gjeldane regelverk ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til eigar/festar sine synspunkt når skrivemåten av bruksnamn som fel saman med nedervde stadnamn skal fastsetjast. Vi har her i kommunen opplevd at namnekonsulentane har "trumfa" gjennom sine syn utan at eigar/festar sine synspunkt vert tillagd tilstrekkeleg vekt. Dette medfører klager, sinne og missnøye med namnekonsulenttenesta og lovverket. Det er ingen tente med. Klagehandsaming er like tidkrevande og ressurskrevande som førstegongshandsaming, og bør difor unngåast.

"§ 6 Nærmare om sakshandsaminga"

Dette er tidlegare § 7. Her har departementet gjort framlegg om endringar med omsynt til vektlegging av eigar/festar sine synspunkt: "Eigar eller festar har rett til å uttale seg i saker som gjeld bruksnamn, og deira synspunkt skal tilleggast særskilt vekt". Det er viktig å vektlegge eigar/festar sine synspunkt. Det er dei og deira familiar som har budd på staden i generasjonar og namn står ofte som symbol på slektstradisjonar og er band som knyter dei til staden.

"§ 7 Gjennomptaking"

Ny paragraf vedrørande høve til å gjennomta sakjer. Ok.

"§ 10 Klage, skal lyde"

Både fylkeskartkontora og Statens kartverk sentralt har påpeika at antal klagesaker er mykje høgare enn venta. Ei av årsakene som er nemnde er at det er for enkelt å klage. Eg trur ikkje at årsaka til det høge klage antalet ligg i at det er for enkelt å klage. Dersom ein ser på stadnamnsakjene her i kommunen, skuldast klagene at eigar/festar og organisasjonar ikkje får gjennomslag for sine synspunkt, men vert "overkøyrd" av namnekonsulentane sine tilrådingar. I forvaltningslova § 32 er det stilt svært forsiktige krav til klager og utforming av klager. Departementet meiner klager bør grunnjevast, og ser ein på klagene her i kommunen, er dei aller fleste godt grunnjevne. Men trass i mange klager og god grunngeving får ikkje eigar/festar gehør for sine syn. Dersom eigar/festar

sine syn vert tillagd særleg vekt slik som det er lagd opp til i § 6, vil truleg antal klager bli sterkt redusert.

”§ 9 Bruk av stadnamn”

Siste ledd av noværande § 3 vert flytta til ny § 9, og gjeld kven som er pålagd å bruke stadnamn fastsett etter denne lova.

”§ 8 Særskilde reglar om bruksnamn”

Som nemnd i punkt 7.1 inneheld ikkje gjeldande regelverk bestemmelsar om sakshandsaming av skrivemåte for gardsnamn, berre bruksnamn. Departementet gjer framlegg om endring i bestemmelsane om særskilde reglar for bruksnamn. I høve til fastsetjing av bruksnamn som fell inn under denne bestemmelsen i lova, er det viktig å hugse på at synspunkta til eigar/festar *skal* tilleggast særskild vekt.

”§ 4 Reglar om skrivemåte”

Viser til punkt 8 i si heilheit. Evalueringsrapporten gjer framlegg om å endre ”den nedervde lokale uttalen” i første ledd til ” den lokale talemålsforma av namnet”. Grunngevinga for framlegget er at ein med den nye formuleringa meiner den uttaleforma som er i allmenn bruk mellom folk som bor på staden. Denne formuleringa vil truleg gjere det enklare for eigar/festar og organisasjonar å få gjennomslag for sine synspunkt.

”§ 11 Stadnamnkonsulentar”

Som før med unntak av punkt som gjeld sametinget.

”§ 12 Stadnamnregister”

Noværande § 10. I tillegg til noværande lovtekst er det gjort framlegg om at Statens kartverk skal ha høve til å ta gebyr for uttak av informasjon frå SSR (Sentralt StadnamnRegister). Eg meiner kommunane må få tilgong til opplysningane i SSR vederlagsfritt. Kommunane bidreg sterkt til å få skaffa informasjon til SSR og har på lik linje med Statens kartverk ei tung og ressurskrevande sakshandsaming. Kommunane medverkar i dag til oppdatering og vedlikehald av ei rekkje nasjonale register, og i må i tillegg betale gebyr for å få tak i informasjonen som ligg i desse. Dette har ein negativ innverknad på kommunane sin vilje til å være med på å halde informasjonen i registera oppdatert.

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Kommunen er generelt samde i dei framlegg til lovendring som er gjort.
2. Kommunen vil framheve § 6 første avsnitt, andre setning som spesielt viktig: ”Eigar eller festar har rett til å uttale seg i saker som gjeld bruksnamn, og deira sysnpunkt. skal tilleggast særskild vekt”. Denne setninga bør og gjelde generelt, ikkje berre for bruksnamn, også for stadnamn og gardsnamn.
3. I § 12 bør det gjerast unntak for kommunen når det gjeld uttak av informasjon frå SSR. Denne informasjonen bør være gratis for kommunen.

Eirik Natvik /s.  
- rådmann -

Jarle Tvinnereim  
- ass. rådmann-

**01.04.2004 UTVAL FOR UTVIKLING**

Framlegg frå Lars Ola Hjellbakk om endra punkt 1:

1. Kommunen er generelt samde i dei framlegg til lovendring som er gjort, men vil gjere framlegg om endra ordlyd i følgjande paragrafar:

§ 5, pkt. d) **Går ut.** Grunngeving: Eit rådgjevande organ bør ikkje sjølv setje i gong ein prosess om endring av stadnamn.

§§ 11 vert endra til: §§ 11 Råd i namnesaker:  
Departementet eller sametinget har i enkeltsaker der det er trong for særskilt fagkunnskap rett til å innhente råd frå aktuelle fagmiljø som til dømes språkrådet.

**UFU-026/04 VEDTAK:**

Framlegget frå Lars Ola Hjellbakk om endra pkt. 1 vert samrøystes vedteke.  
Rådmannen sitt framlegg til pkt. 2 og 3 vert samrøystes vedteke.

**Kopi til:**

Kultur- og kirkedepartementet Postboks 8030 Dep 0030 OSLO

Hornindal, den 02.04.2004

Solfrid Otterdal Lien  
- Sekretær -